



Retningslinjer for bruk av næringsfondet i Bremanger

Det kommunale næringsfondet skal forvaltast innanfor rãmene av Vedtekter for næringsfondet i Bremanger kommune vedteke i kommunestyret 12.03.2015, sak KST-014/15, og godkjend av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 05.05.2015.

1. Føremål og prioriteringar

Føremål med næringsfondet er å bidra til at Bremanger er ein attraktiv kommune for etablering- og utvikling av framtidssretta næringsaktivitet.

Strategisk næringsplan, med tilhøyrande handlingsplan skal danne grunnlag for prioritering av prosjekt som får støtte frå næringsfondet. Kommunen sitt næringsliv skal vere aktiv deltakar i utarbeiding av planane.

Prosjekt som vert nytta som indirekte støtte til lokalt næringsliv (t.d. infrastrukturiltak eller felles satsingar som fleire bedrifter vil kunne dra nytte av) vert prioritert høgare enn direkte støtte til einskildbedrifter.

Det kan og givast støtte til kulturelle arrangement/iltak som set Bremanger positivt på kartet og er med å skape bulyst i kommunen.

2. Prosjekt som kan støttast

Døme på prosjekt som kan støttast:

- Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid
 - *T.d. drift av kommunen sitt næringsapparat, næringsplanlegging, etablerarprosjekt, samarbeid skule/næringsliv og stadutviklingsprosjekt*
- Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd
 - *T.d. kommunal tilrettelegging av næringsareal, infrastrukturiltak og fysisk stadutvikling*
- Bedriftsutvikling
 - *T.d. etablerartilskot, kompetanseutvikling, produktutvikling, marknadsundersøkingar og planlegging*
- Investeringar i bedrifter
 - *T.d. utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.*
- Kulturaktivitetar/-arrangement som bidrar til å skape bulyst og gjev positive ringverknader for lokalt næringsliv
 - Prosjektmidlar til kulturiltak vert handsama etter eigen retningslinjer.

Ved ev. samfinansiering med midlar frå andre støtteordningar, må den samla støtta til einskildbedrifter vere og samsvar med det internasjonale regelverk som Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.



3. Område som ikkje gjev rett til støtte

- Midlane kan ikkje nyttast som garantiar for lån til næringsverksemd.
- Det kan ikkje gjevast støtte til gjeldssanering, driftstilskot til bedrifter eller ordinære kommunale oppgåver.
- Det kan ikkje gjevast støtte til verksemd som mottek vesentlege overføringar over offentlege budsjett, med unntak av verna bedrifter.
- Det er ikkje høve til å nytte fondets midlar til å teikne aksjar eller andelar i privat næringsverksemd. Det er høve til å teikne aksjar i næringssselskap, utleiebygg etc. som kommunen eig saman med private interessentar.
- Næringsfondet skal ikkje nyttast til ordinært vedlikehald og oppussing av eigedom. Med mindre dette resulterer i standardheving som fører til eit nytt produkt eller auka marknadstilpassing.
- Næringsfondet skal ikkje nyttast til innkjøp av datautstyr til administrativt bruk. Herunder kjem ikkje anlegg som er ein del av omsøkt produksjonsutstyr.
- Hobbyprega verksemd

4. Støtteformer

Støtte til bedrifter kan givast i form av ansvarleg lån og tilskot. Tilsegn på lån/tilskot vert gjeve med 1 års varighet frå vedtak er gjort. Tilsegn kan forlengast med 6 månader etter skriftleg søknad.

4.1 Tilskot:

Det kan givast tilskot til etablering, kompetanseutvikling, produktutvikling, marknadsundersøkingar og planlegging.

Etableringstilskot vert avgrensa til kr. 25.000,-

Andre tilskot vert som hovudregel avgrensa til 50% av eksterne kostnader og maksimalt kr. 50.000,-.

4.2 Ansvarleg lån:

Ansvarleg lån kan berre gjevast til investering i varige driftsmiddel.

Lånet som er rentefritt og har siste prioritet har ei nedbetalingstid på ti år. Dei fire første åra er avdragsfrie.

Dersom verksemda vert flytta frå kommunen skal ansvarleg lån tilbakebetalast straks. Det same gjeld dersom verksemda vert avvikla.

Ansvarleg lån skal ikkje utgjere meir enn 10% av kapitalbehovet ved investeringa og som hovudregel maksimalt kr. 200.000,-.

4.3 Tilskot til kulturelle aktivitetar:

Fondsstyret set kvar år av ei sum av næringsfondet til kulturelle aktivitetar som bygger opp om arbeidet med å skape bulyst i Bremanger. Tildelinga skjer to gongar i året og forvaltninga skjer etter eigne retningslinjer vedteke av fondsstyret.



5. Krav til søkjar

- Verksemdar skal vere lokalisert i Bremanger kommune
- Bedrifter må vere registrert i føretaksregisteret i Brønnøysund.
- Prosjekt det søkjast støtte til må vere fullfinansiert før det vert sett i gang.
- Det må framkomme i administrasjonen si utgreiing om søker tidlegare er gjeve lån/tilskot og om disse er ivareteke
- Søkjar skal dokumentere minimum 10% eigenkapital i prosjektet.

6. Krav til søknad

- Søkjar/føretaket sitt namn med fødselsnummer/organisasjonsnummer
- Søknad skal innehalde prosjektskisse med oversikt over kostnader og finansiering og/eller forretningsplan med driftsbudsjett.
- Aksjeselskap må opplyse om eigarstruktur

7. Utbetalingsrutinar

Før utbetaling kan skje må prosjektet vere avslutta. Delutbetaling kan gjevast på grunnlag av søknad.

Ved krav om utbetaling av tilskot skal følgjande dokumenter leggest ved:

- Kort om tiltakets gjennomføring og vurdering av kva effekt tiltaket har hatt i bedrifta.
- Signert prosjektregnskap

8. Sakshandsaming/delegasjon

Formannskapet er fondsstyre og kommunestyret delegerer fondsstyret avgjerdsmynde for alle tilskotssaker som ikkje overstig kr. 200.000,-.

Fondsstyret delegerer til administrasjonssjefen å ta avgjerd i saker med inntil kr. 25.000,- i samla støttebeløp. Vedtak etter delegert mynde skal rapporterast fortløpande til fondsstyret.

Saker om støtte til kulturelle aktivitetar, jf. pkt. 3.3, vert lagt fram for fondsstyret to gongar pr. år til avgjerd.

Bruken av fondet skal rapporterast til kommunestyret 3 gongar pr. år, i kommunen sine tertialrapportar og årsmelding.

9. Klage

Klage på avslag om støtte er einskildvedtak etter forvaltningsloven § 2 og kan påklagast, jf. forvaltningsloven § 28.